

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

EIGENANDEL VED FYSIOTERAPI FRÅ KOMMUNAR

Sakshandsamar: Hildur Heie

Arkivsak : 17/153 -

Arkivkode: 113

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

- Vedlegg:**
1. Informasjon om automatisering av egenandelstak 2 og krav til innrapportering av egenandeler ved fysioterapi fra kommuner, av 24.11.16.
 2. Takstar for fysioterapi fra 1. juli 2016.

SAKSUTGREIING:

Då denne saka har konsekvensar både for det kommunale tenestetilbodet og har økonomiske konsekvensar vert saka handsama både i tenesteutval og formannskap. Ut frå at kommunestyre vedtek alle betalingssatsar vert saka slutthandsama her.

Ei automatisk frikortordning forutset at behandlar innrapporterer eigenandel elektronisk til Helfo. Det vart 28.10.16 vedteke endring i Forskrift om behandling av helseopplysningar i Egenandelregisteret (egenandelsforskriften), med iverksetjing 01.01.2017.

Avtalefysioterapeuter og kommunalt tilsette fysioterapeuter som krev eigenandel ved fysioterapi, må frå 01.01.17 innrapportere desse elektronisk over linje til Helfo.

Avtalefysioterapeuter gjer dette gjennom sine refusjonskrav til Helfo. Det er kommunen som skal innrapportere for dei fastløna fysioterapeutane. Kommunen vil få refundert eigenandelane av Helfo dersom pasientar hos dei fastløna fysioterapeutane har frikort eigenandelskort 2.

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2017 foreslått fleire endringar som berører eigenandelar ved fysioterapi og eigenandelstak 2. Regjeringa sitt forslag om å avvikle sjukdomslista, auke aldersgrensa for eigenandelstak for born 12 til 16 år, redusere eigenandelstak 2 frå kr 2670 til kr 1990, og å redusere rammeoverføringane til kommunen med 175 millionar kroner under behandling i Stortinget, og er ikkje tema i skriv frå Helsedirektoratet.

Det følgjer av helse- og omsorgstenestelova at kommunar kan krevje vederlag av pasient når dette følgjer lov eller forskrift.

Helse- og omsorgsdepartementet har med hjemmel i § 11-2 gitt forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester.

Det er altså heimel for at kommunar kan krevje eigenandelar hos fastløna fysioterapeutar på lik linje med eigenandelar som innkreves av avtalefysioterapeutar, men det er opp til den enkelte kommune å avgjere om kommunen skal kreve eigenandel eller ikkje. Det er i dag mange kommunar som bevisst lar vere å kreve eigenandel.

Kommunar som krev eigenandel må henvende seg til Helfo for å inngå oppgjersavtale som regulerer refusjon for eigenandelar for pasientar med frikort eigenandelstak 2. Dette gjeld også dei kommunane som allereie har annan oppgjersavtale med Helfo.

Kva beløp kommunen kan krevje i eigenandel framgår av takstane i forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi m.m.

Kommunar kan ikkje krevje eigenandel ved fysioterapi til bebuarar i sjuke- og aldersheim, ved fysioterapi i helsestasjon- og skulehelsetenesta. Vidare kan det ikkje krevjast eigenandel ved forebyggjande tenester eller ved utprøving og tilpassing av hjelpemidlar.

Desse tenestene er ikkje finansiert gjennom folketrygdlova § 5-8 og kommunen har ikkje heimel i folketrygdlova for innkreving av eigenandel i desse tilfella. Når fysioterapeut gjev tenester som del av tverrfagleg team, må fysioterapi vere definert som eige tiltak dersom kommunen skal kunne krevje eigenandel for dette. Det kan ikkje krevjast eigenandel ved tverrfaglege møter, nødvendig samtale med pårørande eller rettleiing og opplæring av pårørande og anna personell.

Hos avtalefysioterapeutar er det eit vilkår at det forelegg henvisning frå lege, kiropraktor eller manuellterapeutar for å utløyse stønad frå folketrygda. Det gjeld ikkje tilsvarende krav om henvisning for at kommunane kan krevje eigenandelar for behandling hos fast tilsette fysioterapeutar.

På grunn av den korte tida frå kravet om innrapportering av eigenandelar blir vedteke til det trer i kraft, og på grunn av dei særskilte utfordringane mange kommunar har med hensyn til innkrevjing og innsending av eigenandelar, vil det i ein overgangsperiode bli akseptert alternative format og innsendingsmåtar for kommunar. For å imøtekomme kommunar som ikkje har integrert BKM i sine EPJ-system, vil det bli etablert ei midlertidig ordning med innrapportering på Excel-skjema via Altinn. Denne løysinga vil ligge til rette frå medio februar 2017.

For Tysnes kommune sin del vil dette gjelde for 1,5 årsverk kommunal fysioterapi, med dei unnatak som ligg i regleverket. Ved innføring av eigenandel også i den kommunale fysioterapitenesta, vil dette innebære likeverdige betalingsordningar om fysioterapi vert ytt i i fastløna kommunal el. privat med avtaleheimel. Innføring av eigenandel kan såleis gje sunnare konkurranse tilhøve og vil føra til at ein del brukarar som i dag nyttar kommunal fysioterapeut kan få tilsvarende hjelp frå fysioterapeut som driv med drifstilskot.

Dette vil igjen kunne verke til å frigjere tid for dei kommunale fysioterapeutane til å gje tilbod til bebuarar i sjuke- og aldersheim, helsestasjon og skulehelsetenesta. Samla sett vil innføring av eigenandel gje ein sunnare marknadssituasjon og verka til at kommunen kan auka fokuset ytterlegare på sine «primær brukarar».

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Tysnes kommune går inn for å krevje eigenandel for fysioterapi i den kommunale fysioterapitenesta. Satsane vil følgje vedteken taktsplakat frå KS for betalingsatsar for fysioterapitenesta.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)